

Vedlegg 1

Skildring av bakgrunn for søknad

Søknaden gjeld kjøp av fem teigar frå fire ulike eigarar som er naboar til deponiet i dag.

NGIR har krav til 30 års etterdrift av deponiet i Kjevikdalen frå den dato deponiet vert avslutta. Som eit miljøtiltak har NGIR hatt krav frå Fylkesmannen (sjå vedlegg 5) om reinsing av sigevatn frå deponiet i Kjevikdalen sidan 2009. Drift av reinseanlegg vil verta ein vesentleg del av dagleg drift og etterdrift av deponiet. Frå 2009 har NGIR hatt prosessar med grunneigarane for å kjøpa naudsynt areal til reinseanlegg og mellom anna oppjustert reguleringsplanen for området i 2015.

Reinseanlegget er i hovudsak planlagt som eit sedimenteringsanlegg inst i Kjevika og med ei forventa levetid på 50 år. Dersom det seinare skulle komme krav til auka reinsegrad er det og berekna plass til eventuelt tilleggsutstyr for td kjemisk tilleggsreinsing. Plassering av basseng i strandsonen i Kjevika har vore naudsynt for å utnytta fall frå eksisterande sigevassleidning som ligg under deponiet.

Det vart i startfasen vurdert å plassera anlegget høgare oppe og lengre inn på eksisterande anlegg, men å pumpa store mengder sigevatn 25 til 30 meter opp ville påført store og uoversiktlege kostnader i planlagt levetid for anlegget.

NGIR har med kjøpet og ynskt å kjøpa areal som naturleg fell inn i mot NGIR sitt eksisterande deponi og slik freista å fylgje høgdedraga på begge sider av dalføret med dei nye grensene.